

## **Informasjon om sett – hjort skjema**

*Frå viltforvaltninga i Luster kommune vil me på det sterkaste oppmode alle jaktleiarane til å fylle ut vedlagt sett – hjort skjema under jakta. Opplysningane vil med tida verte eit godt verkty for å registrere bestandsstorleik, samansetning og variasjonar i bestanden. Skjemaet kan dykk sende kommunen samstundes som dykk leverer fellingsrapport.*

### ***Sett – hjort skjemaet***

Sett – hjort syner kor mange hjort ein ser per timar jakt per jeger. Skilnader i dyr sett per innsats i dei ulike delane av kommunen kan skuldast fleire ting, blant anna ulik topografi, ulike jaktformer og ulik tettleik. I høve til jakt på innmark kan ein seie at ein i snitt ser 3 gongar så mykje hjort per innsats som ein gjer i utmark. Difor skal ikkje tala brukast til å samanlikne ulike område, men til å fange opp endringar innan same område mellom år. Når ein har fått slike tidsseriar er sett dyr per innsats ein viktig indikasjon på kva som skjer med storleiken på stamma. Ein kan rekne med at om tal hjort sett per innsats aukar, så er det sannsynleg at stamma og aukar og visa versa.

*Me vil bruke registreringane frå jegerar i Luster kommune til å sjå korleis talet kalv per kolle varierar, korleis kolle per bukk varierar og korleis slaktevekta varierar, i dei ulike områdene. Under står det litt om dei ulike opplysningane som er interessante og kva det kan bety for forvaltninga:*

### ***Kalv per kolle***

Talet kalv per kolle får ein ved å dele tal sette kalvar på tal sette koller. Dette talet fortel oss noko om produksjonen i bestanden. Jo høgare tal, jo fleire av kollene er det som har kalv. Her er det og mest interessant med tidsseriar, om dette talet endrar seg over tid kan det vere eit signal om at kvaliteten på produksjonsdyra er i endring. Her må og slaktevektene takast med i vurderingane.

### ***Kolle per bukk***

Kolle per bukk får vi med å dele tal sette koller totalt på tal sette bukkar 1,5 år og oppover. Dette fortel oss noko om kjønnsforholda i bestanden. Høgare tal betyr lågare bukkeandel av dei sette dyra. Ein reknar med at om talet kolle per bukk er under 3 : 1 er det bra. Om det er over, bør ein vurdere avskytinga nærare.

### ***Slaktevekt***

Slaktevekta kan seie mykje om ein hjortebestand, og heng i hop med fleire av dei andre faktorane. Som sagt gjer registreringar for eit år berre eit augeblikksbilete av bestanden, og det er igjen endringar i desse tala som er interessante. Det er i hovudsak to høve som verkar inn på slaktevekt. Det første er bestandsamansetninga, høgt jakttrykk og rullering av hjortebestanden på få år gjer at dei dyra som vert skotne i hovudsak er unge og dermed lettare. Eit anna høve i dette er mengda av store bukkar. Er det få av desse, kan brunsten kome seinare enn normalt, kollene blir bedekte seinare og kalvar difor seinare. Dette gjer at hjortebestanden kan kome inn i ein ”vond” sirkel med lette og skrantande dyr. Det andre er beitetilhøva. Dette kan variere frå år til år i høve til klimatiske forhold, men gjer sjeldan utslag på lang sikt. Derimot kan ein overtett bestand av hjort forringe beite ved at innanartskonkurranse og tettleiksavhengige faktorar gjer seg gjeldande.

### ***Med vennleg helsing***

***Luster kommune, avd. for Landbruk og naturforvaltning***

# RETTLEIINGSMATERIELL FOR UTFYLING AV "SETT HJORT"

## Kva er "Sett hjort"?

"Sett hjort" er ei systematisk registrering av hjort som jegerane ser under hjortejakta. Målsettinga med "Sett hjort" er å samle kunnskap om utviklinga i hjortestammen som grunnlag for ei målretta forvaltning. "Sett hjort" vil kunne registrere endringar i stamma si storleik, kjønns- og alderssamansetning samt produksjon. Registreringa omfattar også felt hjort og slaktevekt. Endringar i slaktevekt er viktig med omsyn til beitetilhøve, bestandstettleik, kondisjon og produksjonsevne. "Sett hjort" skal fylles ut og registrerast for kvart jaktfelt. Mindre vald som ikkje er inndelt i jaktfelt, fører eit skjema for heile valdet.

## Forsøk med "Sett hjort" registrering .

*"Sett elg":* Jegerobservasjonar under elgjakta er samla inn, samanfatta og omarbeida i mange år. Systematisk innsamling starta i 1971 i Trøndelag. Etter kvart er registreringane tatt i bruk i alle "elgfylke". "Sett elg" har etter kvart utvikla seg til å bli det viktigaste hjelpemiddelet i elgforvaltninga. Eit naturleg spørsmål er kor godt jegerane sine observasjonar avspeglar endringar i bestanden. Undersøkingar har stadfesta at registreringane gir et godt bilete av endringar i stammen dersom registreringane blir gjennomført systematisk og at materialet blir handsama og brukt riktig. *Systematisk registrering av jegerobservasjonar er kostnadseffektivt, og er i dag den metoden vi har for å følge utviklinga i våre bestandar av hjortevilt.*

***Driftsplanbasert forvaltning:** Nasjonalt er det eit mål å utvikle ein lokal driftsplanbasert hjorteviltforvaltning. For å kunne sette mål og skildre tiltak, treng både grunneigarsida og det offentlege årleg kunnskap om endringar i stamma si storleik, samansetning og produksjon. Slik kunnskap manglar ofte i hjorteforvaltninga. Poenget med "Sett hjort" registreringar er å samle kunnskap og gjere denne tilgjengeleg. Særleg vil dette vera eit viktig reiskap for driftsplanområda.*

*"Sett hjort":* Det er ikkje gitt at "Sett hjort" vil bli eit like nyttig forvaltningsreiskap som "Sett elg" er for elgforvaltninga. Hjorten si åtferd er forskjellig frå elgen, og hjortejakta har andre tradisjonar og vert ofte utført i meir krevjande terreng enn elgjakta. Gjennomføring av eit fleirårig forsøk vil kunne gi svar på om "Sett hjort" gir den kunnskap vi forventar og treng.

Det er viktig å vere klar over at "Sett hjort" registreringane ikkje gir svar på kor mange dyr det er i eit område eller tal dyr i ulike kjønns- og aldersgrupper. Metoden er berre egna til å beskrive relative utviklingstrendar innafor større geografisk områder. Ein vesentleg føresetnad er at registreringane førast nøyaktig for kvar dag og på same måte frå år til år. Store endringar i måten jakta vert utført på, vil svekke sikkerheita i materialet.

# Utfylling av skjemaet.

”Sett hjort” skjemaet er delt inn i fire hovuddelar.

## Del 1. Opplysningar og underskrift

I den første delen førast opplysningar om kommune, valdnummer/namn samt jaktfeltnr./namn. Det er avkryssingsboksar for tildelingsform og mest brukte jaktform. Jaktleiar skal underskrive skjemaet og fylle ut telefonnummer. Telefonnummeret gjer det enklare å få retta eventuelle feilføringar.

Det er jaktleiar som er ansvarleg for at skjemaet blir fylt ut og sendt valdleiar. Valdleiar skal kontrollere at skjemaet er riktig fylt ut (summeringsfeil, og namn/nummer på jaktfelt/vald). Alle skjema skal sendast til kommunen straks jakta er slutt. Kommunen skal kontrollere at skjemaet er riktig utfylt og at alle skjema er komme inn.

### *Del 2. Tal sett hjort*

***Her førast dato, tal timar jakta (gjennomsnitt pr. dag for alle jegerar med våpen) og tal jegerar med våpen. Deretter førast tal hjort som er sett av kategoriane, bukk, kolle, kalv og ubestemte dyr. Det er berre observasjonar til jegerane med gevær som skal registrerast. Det er berre sikre dobbeltteljingar same dag som skal utelatast. Tal skal skrivast med tal (ikkje med ”x” osv). Etter at jakta er avslutta summerast kolonner og rader.***

Dersom tal jegerar varierer gjennom ein jaktdag, er det gjennomsnittleg tal som skal førast. Tal timar jakta førast frå jaktstart til jaktslutt for kvar dag. I rubrikken ”kalvar” førast både einslege kalvar og kalvar som kjem i følgje med kolle.

Det er ein eigen rubrikk kor det skal kryssast av for jakt på innmark. Dette gjeld og om det same dag er jakta både i utmark og innmark. Eksempelvis ved morgon- og kveldsjakt på innmark kombinert med jakt i utmark om dagen. Det skal då fyllast ut to linjer same dag. Ei linje kor det krysses av for jakt på innmark og ei linje kor det ikkje krysses av i denne rubrikken. Skjemaet skal førast sjølv om det ikkje blir sett eller felt dyr.

### *Del 3. Tal felt hjort*

Tal felt hjort av ulike kategoriar førast etterkvart for den enkelte dag. For riktig aldersbestemming av årringar, vert det anbefalt å kontrollere tannutviklinga i kjeven i samsvar med figuren på baksida av skjemaet. Sett hjort som blir felt skal førast både som sett og felt hjort.

### *Del 4. Slaktevekt*

Er det skote ein bukkekalv førast talet 1 i rubrikken ”Type dyr”. Tilsvarande for kollekalv er 2 osv. Slaktevekt skal avrundast til nærmaste heile kilo og førast i rubrikken for slaktevekt. Heile dyret skal vegast.

### *Generelt*

Av praktiske grunnar vert det anbefalt å bruke eit skjema til kladd, og at tala vert ført over til originalskjemaet kvar kveld. I dei tilfella fleire jegerar jaktar uavhengig av kvarandre i same jaktfelt, skal jaktleiar samordne rapportane for kvar dag. Det er då viktig å føre opp gjennomsnittstimar for dei som har jakta og **ikkje** sum timar.

Tilfeldige observasjonar av hjort på innmark eller i utmark skal ikkje førast med mindre dette skjer under jakt av jeger med gevær.

Reglane for føring skal ivareta at registreringane blir gjort likt frå år til år og frå område til område.